



Lokale kulturminneplanar 2012-2015

Fylkeskommunen sitt mål med prosjektet «Lokale kulturminneplanar» (2012-2015) var at alle kommunane i Sogn og Fjordane gjennom ein kulturminneplan skulle få eit verktøy for den lokale kulturminneforvaltninga.

Kulturminne på dagsorden i kommunane

Kommunane er ein hovudaktør i forvaltninga av kulturhistoriske verdiar og har eit enormt potensial til å utvikle attraktive og verdiskapande lokalsamfunn. Samstundes er det stor interesse og mykje lokalt engasjement knytt til historie, kulturarv og kulturminne.

Mange kommunar og lokalsamfunn, museum, lag, foreiningar og enkeltpersonar gjer ein stor innsats for å registrere og dokumentere kulturarven. Likevel går mange kulturminner tapt. Kommunar og innbyggjarar etterlyser kompetanse om kulturminnevern og oversikt over kulturminne i eigen kommune.

Som den største forvaltaren av kulturhistoriske verdiar har kommunane behov for å skaffe seg oversikt og sette kulturminner på dagsorden for å unngå meir tap av kulturminne.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil hjelpe kommunane i arbeidet med å utvikle lokale kulturminneplanar.

Samarbeidsprosjekt

Sogn og Fjordane fylkeskommune samarbeider med Riksantikvaren om satsinga. Satsinga, Lokale kulturminneplanar, rettar seg direkte mot kommunane og deira arbeid med forvaltning av kulturminneverdiar. Riksantikvaren bidrar med støtte til registrering av lokale kulturminner, og Sogn og Fjordane fylkeskommune bidrar med kompetanse, ressursar og økonomisk tilskot til registrerings- og planarbeid.

Lokal forankring

Arbeidet med kulturminneregistrering og kulturminneplan har lokalt eigarskap og forankring. Dette vil sikre lokalt engasjement og kompetanse.

Den lokale forankringa inneber at kommunane sjølv definerer prosessen og innhaldet, samt står for gjennomføringa fram til ferdig plan. Kommunane kan velje å gjere arbeidet sjølve, men kan også trekkje inn skular, museum, bibliotek, frivillege, sogelag osv. i arbeidet.

Fylkeskommunen si rolle vil vere som bidragsytar av kompetanse og ressursar retta inn mot den enkelte kommune sitt konkrete behov for oppfølging. Det vil bli tilrettelagt arbeidsverktøy, møteplassar, kurs og seminar.

Prosjekt mål

Fylkeskommunen sitt hovudmål med prosjektet «Lokale kulturminneplanar» er at 26 kommunar i Sogn og Fjordane innan utgangen av juni 2015 skal ha vedteke og starta på arbeidet med lokale kulturminneplanar.



Attraktive lokalsamfunn

Prosjektet «Lokale kulturminneplanar» skal styrke kommunane i deira operative rolle på kulturminnefeltet og gjere dei i stand til å bruke kulturminna i den lokale samfunnsutviklinga, både som kjelde til kunnskap og oppleving, og som grunnlag for verdiskaping og utvikling av lokal identitet. Satsinga kan bidra til å skape meir attraktive lokalsamfunn.

Kulturminneplan som ressurs for mange fagfelt

Utarbeiding av lokale kulturminneplanar vil gje kommunar og innbyggjarar ei betre oversikt over kva som finst av kulturminne i eige lokalmiljø, men kan og vere viktig innan mange fagfelt: For areal-, plan- og byggesakshandsaminga vil ein lettare kunne ta omsyn til kulturminneverdiane. Kultur- og skuleetatane kan nytte kulturminna til å skape høg kompetanse og gode opplevingar. Næringslivet kan utvikle gode tilbod basert på kulturarven og eigarane får større mogelegheiter for hjelp og støtte til bruk og vedlikehald.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har som mål å

- vere ein aktiv regional utviklingsaktør og samarbeidspart
- medverke til god samfunnsutvikling
- styrke kommunane i den strategiske og i den operative rolla på kulturminnefeltet
- bygge ned prosjektfokus og erstatte dette med utviklingsavtaler
- jobbe aktivt for at alle kommunane i fylket får tilskot frå Riksantikvaren til registrering av sine kulturminne
- tilgjengeleggjere midlar og ressursar i størst mogeleg grad slik at dei kjem kommunane direkte og indirekte til gode.
- etablere engasjement og lokal forankring gjennom å la kommunane sjølv få styre bruken av dei midlane som skal kanalisert mot det kommunale nivå
- gje dei lokale kulturminneplanane ei meir effektiv og føreseieleg kommunal sakshandsaming, mellom anna i utarbeiding av areal- og reguleringsplanar
- auke kompetansen om kulturminna og deira verdi og potensial, samt vekke nasjonal interesse

Universell utforming

Kulturminne bør vere tilgjengeleg for alle. Som ein del av arbeidet med lokale kulturminneplanar jobbar fylkeskommunen og kommunane for meir universell utforming av kulturminne. Sogn og Fjordane tek del i det nasjonale utviklingsprosjektet for universell utforming – det såkalla K1-tiltaket.

Prosjektet Lokale kulturminneplanar (2012-2015) hadde som mål å medvitgjere lokale aktørar og syte for auka merksemd rundt universell utforming i høve kulturminne. I prosjektperioden vart det jobba for at kulturminneplanane skulle styrke den kommunale kompetansen på universell utforming (UU) og for at kommunane skulle få høve til å sjå på universell utforming som ein tilleggskvalitet som mogleggjer formidling, oppleving og bruk.

Sogn og Fjordane arbeider etter nasjonale målsettingar og for utvikling av gode løysingar på universell utforming i samband med kulturminne, kulturmiljø, friluftsområder, planlegging og forvaltning.



Hovudtiltaka i arbeidet med universell utforming var:

- Bygge kompetanse innanfor forvaltning og utvikling av kulturminneressursar i eit UU-perspektiv
- Utbetre og tilgjengeleggjere verktøy for kulturminnevern og UU
- Utarbeide og presentere relevante døme på UU. Desse døma viste korleis ein kan få til gode løysingar som ikkje kjem i konflikt med kulturminneverdiane og som samtidig kan føre til mindre slitasje på kulturminna.

Prosjektansvar

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil innta rolla som eigar, initiativtakar og prosjektansvarleg for satsinga «Lokale kulturminneplanar» i Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen skal, så langt som råd og slik kommunane ønskjer det, delta i arbeidet som ein ressurs for den enkelte kommune.

For å delta i satsinga er det ein føresetnad at den enkelte kommune sjølv skal vere eigar av dei lokale prosessane og stå for gjennomføring av arbeidet med og iverksettinga av sin lokale kulturminneplan. Fylkeskommunen og andre involverte sine rollar skal ut over dette utviklast i samarbeid med den enkelte kommune.

Kommunen som prosjekteigar

Fylkeskommunen vil oppmoda alle kommunane til å implementere kulturminneplan i sin lokale planstrategi og til å søke Riksantikvaren om stønad til registrering av sine kulturminne. Aktuelle kommunar og fylkeskommunen skal laga ein utviklingsavtale om gjennomføring av prosessen fram til vedteken kulturminneplan. Det skal avtales ressursar den enkelte skal bidra med, kven som har kva ansvar og kva tiltak og prosessar som skal setjast i verk, med meir. Det er kommunen som er prosjekteigar og vel arbeidsmetode, men då i samarbeid med fylkeskommunen.

Også i gjennomføringa er prinsippet om at kommunen er prosjekteigar vesentleg. Fylkeskommunen vil bidra med ressursar, kompetanse og erfaring og då i den grad kommunen sjølv ynskjer det. Dette må sikrast så godt som råd i overnemde avtale, samstundes som det må vere mogeleg å tilpasse tiltak og innsats i løpet av gjennomføringsperioden.

Fylkeskommunen som aktiv samarbeidspart

Som utviklar, motivator og pådrivar for satsinga på «Lokale kulturminneplanar» har fylkeskommunen behov for ei brei organisering. Dette skal sikre medverknad og deltaking frå aktørar som har kompetanse og interesse innafor lokal samfunnsutvikling, og som kan medverke til at kommunane får styrka sin kompetanse på kulturminnefeltet. Arbeidet er tenkt organisert gjennom styringsgruppe, arbeidsgruppe, fag og ressursgrupper, samt referansegrupper.

For å nå måla i denne planen er det behov for aktiv marknadsføring, mellom anna direkte mot aktuelle kommunar og mot media lokalt, regional og nasjonalt. Fylkeskommunen vil invitere og motivere kommunane til å delta i satsinga, og fylkeskommunen skal arbeide aktivt for at media fattar interesse for både satsinga og kulturminne i fylket.



Tiltak

Fylkeskommunen vil jobbe for å skape lokale og regionale møteplassar for å løfte, drøfte og utvikle temaet kulturminne. Fylkeskommunen vil også som prosjektansvarleg spele inn ulike tiltak og prosessar som kommunane kan velje å setje i verk og ta del i.

Nokre aktuelle tiltak

- Regionale konferansar om kulturminne og kulturminneplanar og deira plass i samfunnsutviklinga og verdiskapinga
- Møter med lokale lag og organisasjonar
- Kulturminneveka
- Kurs og seminar
- Samarbeid med skular og prosjekt m.m.
- Nasjonal avslutningskonferanse
- Utstillingar
- Utvikle/bidra til digital formidling av kulturminne
- I større grad integrere kulturminna i næring- og reiselivssatsingar